

Brannvernveka i Uskedal barnehage.

23.09.2016



Så GØY å vera brannmann!!!

Små og store i Uskedalen barnehage har dei siste åra delteke på den Nasjonale barannvernveka i september. Men kva er brannvernveka? Brannvernveka er ei Nasjonal satsing på brannvern, sett i verk av Norsk brannvernforening, If Skadeforsikring og Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, med målsetting om å skape kunnskap, og førebygge.



Spennande når brannmennene og brannbilen kjem på besøk.

Brannvern i barnehagen. Brannvern er både viktig, haldningsskapande, informerande og livreddende. Å delta på brannvernveka, i tillegg til ordinære brannøvingar, er blitt ein tradisjon hjå oss, noko som dei «erfarne» barnehagebarna gleder seg stort til kvart år. Brannvern er spennande, og kan for enkelte også vera litt skumelt. Då er det viktig med gode førebuingar i barnegruppa, slik at alle veit kva brannvern er, og kva vi skal gjera dersom brannalarmen går.

Alt i midten av august startar vi opp med førebuingar til brannvernveka. Vi les, ser film, teiknar, snakkar og syng om brannvern og brannmannar. Etter ei tid med førebuing har vi øving både med, og utan brannalarmen. Når vi kjem til september månad, og brannvernveka startar, vidarefører vi dette arbeidet.

Brannvernveka

No har alle barna kjennskap til brannvern og dei fleste kjenner seg trygge på både alarmen, og kva dei skal gjera når brannalarmen ringer. Ekstra stas var det då barnehagen fekk besøk av EKTE brannmannar, med ein EKTE BRANNBIL.

Ved sida av barnehagen svinga den flotte, store, raude brannbilen inn. Ut av brannbilen hoppa tre ekte brannmenn, i flotte brannmannuniformer. Jubelen og gleda sto høgt i barnegruppa vår.



Kjekt å sitja i brannbilen!

Dette var stas. Brannmennene tok seg god tid til å snakke med barna. Alle fekk prøva å sitja i brannbilen, og sjå på alt utstyret som brannmennene nyttar til å sløkka brannar med, og høyre sirena til brannbilen. Alle barna fekk i tur og orden prøva å slokke ein «liksom» brann, saman med ein brannmann. Før brannbilen kørde frå barnehagen, fekk alle barna brannmann caps som eit bevis på at dei no var «mini» brannmenn.

Attende på avdelinga vart det høgtidelig utdelt diplomar for vel gjennomført brannveka. Både små og store var samde i at dette hadde vore ei spanande, lærerik og kjekk veke. Mange av barna hadde bestemt seg for at når dei vert store, skulle dei sjølvsagt bli brannmenn, eller branndamer.

Dagens ros og takk:

Vi vil gje ei stor takk til Per Fausk, Tor Øystein Myklebust og Runar Myklebust som tilte opp i barnehagen med brannbilen, og gjorde dagen helt spesiell, spennande og lærerik for barna. **TAKK.**



Stas å få brannmannscaps!



Ein av dei som sikkert drøyer om å verta brannmann.

Tekst: Ann Irene Sæle, styrar i Uskedal barnehage

Foto: Uskedal barnehage

Nett: Thor Inge Døssland